



Akuttkirurgisk beredskap ved Odda sjukehus Høyringsuttale frå Hardangerrådet

Me er invitert til å gje uttale til prosjektrapport vedkomande Odda sjukehus i ljos av den nasjonale helse og sjukehusplanen. Stortinget har stilt særskilde vilkår til å ta omsyn til geografi, værtihøve m.v. i høve akuttkirurgisk beredskap.

Det er sterke anbefalingar om at pasientar som ikkje når traumesenter innan 45 minutt skal koma til sjukehus med akuttkirurgisk beredskap. Ved akutte hendingar har om lag heile opptaksområdet lenger tid til traumesenter enn dette ved gode værtihøve. I dei fleste høve vesentleg lenger transporttid. Samt svært lang transporttid ved dårlege værtihøve og evt. stengde/rasfarlege vegar.

Hardanger er prega av å vera særleg overrepresentert med omsyn til stengde vegar. Som det går fram av prosjektarbeidet er det få - om nokon - opptaksområde som har så krevjande utfordringar med manglande flyvèr og stengde/rasfarlege vegar. Avstandane til nærmeste alternative sjukehus er store. Me kan ikkje akseptera ei sentralisering der lokalsjukehusa misser akuttkirurgisk beredskap.

Det skal vera likeverdig helsetilbod i Noreg. Då må Odda sjukehus ha fullverdig beredskap med akuttkirurgi døgnet rundt som i dag. Tek ein bort den kirurgiske akuttberedskapen er vi redd andre tilbod ved sjukehuset vil forvitra.

Me meiner at den akuttkirurgiske beredskapen reddar liv og helse. Ved ei eventuell fjerning av akuttkirurgi må nokon ta tydleg ansvar for konsekvensane.

For Odda sjukehus er det ei delt tilråding frå prosjektgruppa. Der alle arbeidsgruppene og dei fleste i prosjektgruppa (11 av 15) har konkludert med å oppretthalda kirurgisk akuttberedskap. Me er glade for at prosjektgruppa i hovudsak konkluderer tydleg med at det akuttkirurgiske døgntilbodet i Odda er robust og må vidareførast. Dette må Helse Fonna og Helse Vest slutta seg til.

Samandrag/ konklusjon:

Oppretthalda akuttkirurgisk døgnberedskap ved Odda sjukehus !



Hardangerrådet iks



Kinsarvik 16. februar 2017

Ordførar Jon Larsgard
Jondal kommune

Ordførar Jostein Ljones
Kvam herad

Ordførar Roald Aga Haug
Odda kommune

Varaordførar Kåre O. Grønsnes
Ullensvang herad

Varaordførar Aslak Lægreid
Eidfjord kommune

Ordførar Hans Petter Thorbjørnsen
Ulvik herad

Ingebjørg Winjum
Granvin herad